

Fra: Oliva Bakketun <olmba@statsforvalteren.no>
Sendt: 07.07.2023 11:23:13
Til: Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>
Emne: Ny leverandør av beredskaps- og krisestøtteverktøy

Noko av informasjonen i vedlegget frå Rayvn er konfidensiell og skal ikkje delast utover hovudkontaktar.

Til kommunedirektørar/rådmenn, beredskapskontaktar og CIM-administratorar i kommunane
Grunna ferieavvikling vert e-posten òg sendt i kopi til postmottak i kommunane

Vi er no fått meir informasjon frå DSB om ny leverandør av beredskaps- og krisestøtteverktøy frå hausten 2023, og legg ved informasjonen vi har fått.

Som vi informerte om i førre e-post har DSB inngått ein ny avtale om leveranse av beredskaps- og krisestøtteverktøy med Rayvn AS/Proactima AS. Den nye rammeavtalen gjeld DSB, Sivilforsvaret, alle statsforvaltarar og kommunar, Statsforvaltarens fellestenester og Sysselmeisteren på Svalbard, samt tilslutta verksemdar som veljar å gjere avrop på den nye avtalen.

DSB skriv at det er venta at verktøyet skal vere implementert og operativt innan 1.oktober 2023. Med det meinast det at ein lokal administrator og beredskapsteamet hjå ei verksemd skal kunne bruke alle kjernefunksjonalitetar i verktøyet innan 1.oktober.

DSB er klar over at ein del kommunar no nyttar CIM til andre føremål enn kjernefunksjonaliteten i eit beredskaps- og krisestøtteverktøy. DSB ser det som kritisk at det er kjernefunksjonalitetane i verktøyet som må vere på plass og som alle nye brukarar må ha fått opplæring i innan 1.oktober. Eventuelle tilleggfunksjonalitetar og konfigureringar/integrasjonar for det enkelte embete eller kommune vil måtte planleggast etter dette.

DSB ber om at alle statsforvaltarar og kommunar melder inn ein kontaktperson for beredskaps- og krisestøtteverktøy innan 4. august her:

<https://forms.microsoft.com/pages/responsepage.aspx?id=vVXRk4JiPEqNXoK6mwdPmcy7FoLWl8lEmpT1z0r3YE9UMVU1RkFNTjcyREZPQjI0S0ZPUE5XWDJFOS4u>

Det er planlagt eit digitalt innføringsmøte i veke 32 og det planleggast for ein regionvis utrulling av verktøyet i veke 33 der brukarar får tilgang til informasjonsside og brukarlisens. Sjå vedlegg frå Rayvn/Proactima for meir informasjon om m.a. tilrettelegginga for ein digital implementeringsprosess framover.

All informasjon om tenesta, opsjonar, konsulenttenester, etablering, implementering, opplæring, tilgang til webinar og e-læring vil bli tilgjengeleg på ein eigen web-basert landingsside for alle lokale administratorar og brukarar frå og med måndag 14.august.

I perioden fram til 14.august er det mogleg å lese meir om tenesta på heimesidene til Rayvn: <https://rayvn.global/no/> og hjå Proactima: <https://proactima.com/>.

Eksport av data i CIM

Den noverande avtalen med F24 utløpar 30.09.2023. Data ein ønskjer å bevare må difor eksporterast før denne datoen. Som avtalt i møte mellom DSB og statsforvalterne 30. juni, har DSB utarbeida ein enkel brukarrettlegg for eksport av data frå CIM. Sjå den vedlagte presentasjonen frå DSB.

Informasjon om import av data til nytt verktøy vil DSB kome tilbake til seinare i implementeringsprosessen

Ber om at de les dei vedlagte dokumenta:

- Brev frå DSB med informasjon om ny leverandør av beredskaps- og krisestøtteverktøy
- Brev frå DSB/Rayvn om avtalen, implementering og opplæring
- DSB-presentasjon med brukarrettleiing for eksport av data frå CIM.

Venleg helsing

Statsforvaltaren i Vestland v/ beredskapsseksjonen